



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 30.09.2019  
Vår ref.: 2019/16017-6  
Saksbehandlar: larklem  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Fv. 564 Fløksand - Vikebø - Meland kommune

Vi viser til brev datert 20.08.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for fylkesveg 564 Fløksand – Vikebø. Ved en feil vart ikkje Hordaland fylkeskommune varsle ved formell oppstart av planarbeidet i 2018. Fylkeskommunen har difor fått eige høringsfrist til 01.10.2019. Hovudføremålet med reguleringa er ei omlegging og utbetring av dagens veg, her inkludert ei forbetring av tilhøva for gåande og syklande. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen, men avviker i området rundt Leiro der ein vil ha ny trasé i LNF-område. Dette på grunn av at ein har oppdaga uakseptable grunntilhøve rundt dagens fylkesvegtrasé. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Planfagleg merknad - konsekvensutgreiing

Planforslaget legg opp til ei utbetring av dagens fylkesveg mellom Fløksand og Vikebø i Meland kommune. Ein ønska hovudsakleg å følgje dagens fylkesvegstrekning. Men då grunnundersøkingar syner til uakseptable grunntilhøve rundt Leiro, har ein funne det naudsynt å vurdere alternative traséar mellom Fløksand og Steinberget/Rylandstjørna.

Vedlagd varselet om oppstart følger ei silingsrapport. Rapporten konkluderer med at ein skal utgrei traseane A1, B1 og B3 vidare i planprosessen. Forslaget inkluderer også ei omlegging av heile fylkesvegen med ny trasé (A1/A2) som er foreslått lagt i Brakstadmarka. Frå Rylandstjørna til Vikebø vil ein følgje dagens fylkesvegstrekning.

Vegprosjektet er prioritert i Nordhordlandspakken. Viktige mål for prosjektet er mellom anna utbetring og sanering av kryss, å etablere eit tilbod for mjuke trafikantar, samt utbetring av haldeplassar. Dette er viktige formål for å betre trafikktryggleiken på strekninga. Utbetring av vegen vil også stø opp om utviklinga rundt lokalsenteret Vikebø, då dagens vegtrasé ikkje kan ta imot auka trafikk. Dette er difor eit viktig prosjekt for utviklinga i Meland kommune.

Hordaland fylkeskommune må likevel stille spørsmål ved at kommunen og Statens vegvesen har vurdert det til at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Jamfør forskrift om konsekvensutgreiing, skal ein etter tiltakets form (vedlegg II pkt. 10-e), vurdere om det kan ha vesentlege verknadar for miljø og samfunn etter kriteriene i forskriftens § 10.

Ein vil difor minne om at ny trasé A1/A2 har potensiale til påverke det verna vassdraget Rylandsvassdraget både i anleggsfase og i drift gjennom avrenning/lokal forureining. Rylandsvassdraget er også del av det regionalt svært viktige friluftsområdet Storavatnet. Tiltaket vil medføre ein omfattande ny vegtrasé gjennom eit større natur- og friluftsområde (Brakstadmarka). Omlegginga av Fv. 564 vil også kunne påverke lokalsamfunnet i Fløksand, t.d. gjennom endra kollektivtilgang og tilhøve for trafikktryggleiken for t.d. barn og unge.

B1-traséen vil råke ved kulturmiljø og landbruksområde ved Stenberget. B3-alternativet vil medføre anlegging av ny vegtrasé i eit urørt naturområde som er del av det regionalt svært viktige landskapsområdet Eikelandsaugen. B3 vil også medføre nedbygging av eit større våtmarksområde, som er ei naturtype med fleire viktige økosystemteneste.

I ljós av dette er Hordaland fylkeskommune ikkje samd med vurderinga om at tiltaket ikkje vil ha vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Ein vurderer det difor til at tiltaket kommer inn under forskrift for konsekvensutgreiing § 8 – planer og tiltak som skal konsekvensutgreia.

Hordaland fylkeskommune rår difor om at ein utarbeidar ei konsekvensutgreiing som greier ut tiltakets verknadar for friluftsliv, landskap, lokalsamfunn, naturmangfald/økosystem og kulturmiljø. Ein minner om kartleggingane av regionale landskaps- og friluftsområde som har blitt gjort og er tilgjengelege på <http://kart.ives.no>.

### Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, må avklarast på tidligast mogleg tidspunkt, slik at konsekvensane av dei ulike alternativa vert identifisert. Ut frå potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje endeleg tilbakemelding. Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Når det gjeld nyare tids kulturminne er det viktig at det ikkje berre er kjende bygningar/bygningsmiljø som vert omtalt og vurdert i det vidare planarbeidet, men også andre synlege kulturlandskapselement. Kulturlandskap er eit område det er viktig å setje fokus på, anten som del av tema om landskapsbilete og opplevingsverdi, eller som ein del av tema om kulturminne og kulturmiljø.

Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Som grunnlag for planarbeidet er det gjennomført grunnundersøkingar med tilhøyrande geoteknisk fagrapport, og utarbeida ein silingsrapport. I silingsrapporten er dei vurderte traseane delt opp i to delstrekningar, A og B. Desse delstrekningane er igjen delt opp i fleire alternativ: A1, A2, B1, B2 og B3. I

silingsrapporten blir det rådd til at prosjektet arbeider vidare med og regulerer traséalternativ A1 og B1. I tillegg ønskjer Meland kommune at alternativ B3 også skal takast med vidare i planarbeidet.

For dei to vegalternativa gjennom delstrekning A vurderer silingsrapporten alternativ A1 som best i høve til påverknad på kulturmiljøa i området. Hordaland fylkeskommune er samd i dette, då alternativ A1 inneber at trafikken vert flytta lenger vekk frå kulturmiljøet på Fløksand. Kulturmiljøet på Fløksand har stor tidsdjupne, og har fleire eldre bygningar som bør takast vare på, saman med dei mange kulturlandskapstrekka.


For dei tre vegalternativa gjennom delstrekning B, inneber alternativ B1 utbetring av eksisterande veg, medan alternativa B2 og B3 er nye trasear. Alternativ B3 vert i silingsrapporten vurdert som best i høve til påverknad på kulturmiljøa i området, mellom anna fordi ein då får ein trase utanom tunet på gnr 43/7 Ryland (med to SEFRAK-registrerte bygningar frå slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, og innmark på nordaustsida av fylkesvegen). I den samla vurderinga i silingsrapporten vert derimot alternativ B1 tilrådd. På det noverande tidspunkt i planprosessen vurderer fylkeskommunen alternativ B1 som det beste alternativet, sidan det følgjer eksisterande vegtrasé, og det elles for den samla strekninga mellom Fløksand og Vikebø i stor grad vert lagt opp til opparbeiding av nye trasear. Vi ser at alternativ B1 kan vere konfliktfull i høve til kulturmiljøet på Ryland, men meiner at det her bør vere mogeleg å finne ei løsing ved å forskyve vegen noko vekk frå gardstunet.

På strekninga nordover frå Ryland til Vikebø er det berre eitt vegalternativ - som følgjer den eksisterande vegtraseen - og difor har det i samband med silinga ikkje vorte utgreidd i høve kulturminner og kulturmiljø i dette området. I det vidare planarbeidet er det viktig at kulturminneinteresser vert omtalte og verneverdiane vurderte også her.

### Samferdsel

Strekninga er prioritert i Nordhordlandspakken. Viktige mål for prosjektet er mellom anna utbetring og sanering av kryss, å etablere eit tilbod for mjuke trafikantar, samt utbetring av haldeplassar. Dette er viktige formål for å betre trafikktryggleiken på strekninga.

I silingsrapporten er ulike trasear vurdert, og det vert anbefalt å arbeide vidare med reguleringsplan for alternativa A1 og B1.



Hordaland fylkeskommune støttar desse anbefalingane, men det vil vere behov for nærmare dialog med samferdselsavdelinga/Skyss når det gjeld traseval for rutebuss. Kollektivtilbodet må vere tilgjengeleg for passasjerane og gå der det bur folk. Difor kan det vere mest hensiktsmessig for kollektivtrafikken å nytte eksisterande vegtrase.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad til varselet om oppstart, og rår til at det blir gjennomført ei konsekvensutgreining i tråd med vårt innspel. Fylkeskonservatoren vil komme med eit endeleg kulturminnefagleg fråsegn til oppstart etter gjennomført synfaring. Den førebelse vurderinga er at alternativ A1 og B1 vil gi best løysningar for miljø og samfunn, men ein endeleg tilråding vil måtte vente til ei konsekvensutgreining er utarbeida.

Hordaland fylkeskommune ønskjer vidare dialog i planprosessen for å sikre avklaring av tilhøva til konsekvensutgreining, kulturminne og kollektivtilbodet.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Lars Petter Klem  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Helene Moe, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland

